

KULTUR



PUBLIKUM: Nesten 700 møtte opp for å få med seg Gunslingers og Black Ingvars på Fitjarfestivalen laurdag kveld.



POSITIV: Økonomisjef i Fitjarfestivalen, Geirmund Aga, er strålende nøgd med festivalen. – Ingenting har gått gale, seier han.



FOLKEFEST: Mange tok turen innom bodgata laurdag.



SPEKEMAT: Sverre Sæterbø (t.v.) serverer mamma Gyrid (t.h.) lokal spekemat. Her saman med Ingvild Eskeland (i midten).



FEST: Gunslingers laga liv i Fitjar kultur- og idrettsbygg laurdag kveld. ALLE FOTO: OLE ALEXANDER SAUE

Løfta stemninga

Nesten 700 møtte opp og svinga dansefoten då Gunslingers og Black Ingvars inviterte til fest på Fitjarfestivalen laurdag.

Fitjarfestivalen har heile helga sett ut som éin einaste stor fest. Klangboltane laga liv i «vaksenteltet» fredag kveld,

medan Kløver og Skarre-R rista liv i ungdommen i Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Laurdag var kaien på Fitjar stappfull frå tidleg ettermiddag til langt utover dagen.

Godt sal

Den perfekte prikken over i-en fekk arrangørane med Gunslingers og Black Ingvars på kvelden. Over 700 billetter vart seld til konserten, og Gunslingers vart – som venta – verdsett av fitjarbuen. Få veit å flørta med bygdepu-

blikummet som Gunslingers.

Både eldre klassikarar og nyare låtar vart spelt frå hardangerbandet.

Betre enn budsjett

Økonomisjef Geirmund Aga var svært nøgd med gjennomføringa av årets festival då Sunnhordland slo på tråden søndag ettermiddag.

– Det gjekk veldig bra, og økonomisk ser det òg bra ut. I går var det nesten 700 selde billetter i kulturhuset, seier Aga.



u på Fitjar

”

Nesten 700 er litt meir enn det me hadde budsjettert med

Geirmund Aga

Til samanlikning var det om lag 400 som såg Bastard på tilsvarande konsert i fjor. – Nesten 700 er litt meir enn det me hadde budsjettert med, fortel han.

Fellfri

Både buene og mat-teltet var fylt til randa av festivalglade då Sunnhordland tok turen fredag ettermiddag. I teltet var det sal av kake, kaffi i tillegg til lokal øl og mat.

I buene vert det seld alt

frå antikvitatar til ultralokal spekemat.

– Eg har berre fått gode tilbakemeldingar. Det ser ut til at god – lokal – mat og drikke slo an, seier Aga.

Han trekk òg fram artistbookinga som ein suksessfaktor til årets festival.

– Me trefte godt med artistane. Elles er me veldig positive og nøgd med alt. Ingenting har gått gale, seier økonomisjefen.

► Ole Alexander Saue



IMPONERTE: Daniel Wiig Andersen (Skarre-R) gjekk ned og helste på det unge fitjarpublikummet under konserten.
FOTO: OLE ALEXANDER SAUE

Bergensrap for ungdommen

Over 100 ungdommar såg konserten med Kløver og Skarre R, Vanja og Serlina på Fitjarfestivalen fredag kveld.

Nytt av året har Fitjarfestivalen engasjert Fitjar Ungdomsråd for å skapa eit større tilbod for den yngre garden.

Som ein del av satsinga var det fredag kveld duka for ungdomskonsert i Fitjar kultur- og idrettsbygg.

Hjelp

Først ut var 18 år gamle Serlina (Wiig Sulebakk), som mellom anna er kjend for hiten «Måløs» med Skei & PT.

– Eg har ikkje rapparane med meg i dag, så eg treng hjelp frå dykk! ropte Serlina frå scenen og instruerte publikummet i nokre enkle dansetrinn.

Hjelp fekk ho frå dei livlege tilskodarane.

Cover-låt

Vanja Vatle (17), artistnamn Vanja, frå Osterøy, med dansarar, var nestemann ut.

Ho sjarmerte publikummet med egne låtar, i tillegg til ein cover-versjon av Sigrid sin «Don't Kill My Vibe», kor ho hadde omsett teksten til norsk.

Rap-duoen Kløver og Skarre-R (Kris Andre Dragset og Daniel Wiig Andersen) var kveldens store høgdepunkt, og leverte eit forrykande rap-show for dei fram-synte mellom anna eldre låtar som «Bondegangster», deira siste singel «To Verdener» i tillegg til eit imponerende nummer med hurtigrap.

Sjå video og bileter på sunnhordland.no

► Ole Alexander Saue

Kystkultur i fem veker

► **KYSTKULTUR:** Laurdag var det offisiell opning av Kystsogevekene i Strusshamn i Askøy kommune. Det var starten på fem veker med arrangement langs kysten, frå Gulen i nord til Sveio i sør. Dagleg leiar Kjell Magnus Økland lovar både song og musikk, avansert mekanikk og komikk i løpet av denne perioden. Dette er 21. gong Kystsogevekene blir arrangert.